

Hallo i nedslagsfeltet!

No byrar det å bli ei lang stund sidan eg har oppdatert jentebloggen. Mykje av lite og litt av mykje har skjedd i den siste tida. For om lag ei veke sidan fekk eg kryssa av eit punkt på «vaksen lista», nemleg flytte heime i frå. Eg har nemlig fått innvilga stipend og flytta til min kjære skule, Vestborg. Så no lev eg livet på internat, og trives så langt veldig godt med det. Veldig sosialt er det og ein har alltid nokon å vere med. Det treng ikkje ha ei negativ innverknad på skulearbeidet så lenge ein er strukturert. Her om dagen hadde vi kollokviegruppe i forkant av ei historieprøve, noko som læringsmessig fungerte veldig bra. Treningsmessig fungerer også internatlivet veldig bra. Mona, friidrettsstadion, er knappe 5 min unna. Astrid, min spreke venn er minst like aktiv så meg, så eg spring sjeldan aleine. Internatlivet har derfor også mange fordelar!



I dag er det 1 desember, og julestjerna har kome på plass i vindauget mitt. Klokka 6 i morgon tidleg står elevane på skulen frivillig opp for å sjå julefilm. Eg trur det blir ein gjeng skikkelig trøtte ansikt, og mange kjem sikkert til å sovne, men skikkelig koselig tradisjon er det! Det blir garantert mykje anna sprell utover i desember. Før det skjer noko anna må eg nesten stupe med i kjemibøkene. Rekne med mol-forhold står på tapetet!

Mi personlege form er vurdert til: 6,4